

Saksbehandlar: Kåre Forslund, Samferdsleavdelinga
Sak nr.: 17/8206-2

Nasjonal tiltaksplan for trafikktrygging på veg 2018 - 2021 - fråsegn

**Fylkesrådmannen rår hovudutval for samferdsle til å gje slik tilråding:
Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:**

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune ser det som positivt at Nasjonal tiltaksplan for trafikktrygging på veg 2018 – 2021 involverer mange aktørar i trafikktryggingsarbeidet. For å nå trafikktryggingsmåla er det viktig at fylkeskommunane, som største vegeigar, er sterkt involvert i utarbeidinga av planen.
2. Fylkeskommunen har ikkje merknader til utkast til Nasjonal tiltaksplan for trafikktrygging på veg 2018 – 2021 og tek planen til vitande.

Vedlegg:

1. Utkast til Nasjonal tiltaksplan for trafikktrygging på veg 2018 - 2021

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Nasjonal tiltaksplan for trafikktrygging på veg er ein 4-årig plan som gir ei samla framstilling av mål og tiltak for trafikktryggingsarbeidet i Noreg. Slike planar har vore utarbeidd sidan planperioden 2002-05, og arbeidet med tiltaksplanen har utvikla seg til å bli ein viktig arena for samarbeid mellom ulike aktørar i trafikktryggingsarbeidet.

Arbeidet med tiltaksplanen er eit oppdrag gitt i Meld. 33 (2016-2017) Nasjonal transportplan 2018-2029:

«Med utgangspunkt i målene og innsatsområdene i Nasjonal transportplan gir Samferdselsdepartementet Statens vegvesen mandat til å lede arbeidet med rullering av arbeidet med Nasjonal tiltaksplan for trafikk sikkerhet på veg. Tiltaksplanen skal gi en samlet framstilling av hvordan de ulike aktørene i trafikk sikringsarbeidet sammen skal bidra til reduksjon av antall drepte og hardt skadde. Gjennom arbeidet med tiltaksplanen skal det fastsettes mål for tilstandsutviklingen innenfor områder av stor betydning for trafikk sikkerheten, som for eksempel overholdelse av fartsgrenser og bruk av bilbelte. Tiltaksplanen skal videre konkretisere nødvendige tiltak for å nå målene i Nasjonal transportplan. Formålet med tiltaksplanen er å presentere et omforent og bredt spekter av faglige forankrede tiltak, i tillegg til å styrke samarbeidet mellom de sentrale trafikk-sikkerhetsaktørene.»

Utkast til tiltaksplan er no på høyring med frist 1. januar 2018.

2. Utkast til Nasjonal tiltaksplan for trafikktrygging på veg 2018 - 2021

Trygg Trafikk, politiet, Helsedirektoratet, Utdanningsdirektoratet, fylkeskommunane, dei største bykommunane og Statens vegvesen har vore sentrale aktørar i arbeidet med planen. Vidare har ei rekke interesseorganisasjonar vore involverte.

Tiltaksplanen sin struktur har fire nivå:

- **Nullvisjonen:** Ein visjon om eit transportsystem der ingen vert drepne eller hardt skadde. Nullvisjonen er grunnlaget for alt trafikktryggingsarbeid i Noreg.
- **Etappemål:** Det skal maksimalt vera 350 drepne og hardt skadde i vegtrafikken i Noreg i 2030. Dette vil vera ein reduksjon på om lag 60 prosent samanlikna med gjennomsnittet for perioden 2012-15. Etappemålet er henta frå Nasjonal transportplan for 2018-2029, og syner Stortinget sitt ambisjonsnivå for kor raskt vi kan nærma oss nullvisjonen.
- **Tilstandsmål:** I tiltaksplanen er det sett mål for tilstandsutvikling innanfor ulike område. Tilstandsendingar er viktig for utviklinga i tal drepne og hardt skadde. Dei fleste mål gjeld for år 2022 eller samla for perioden 2018-2021. Ambisjonsnivået er sett slik at dersom måla vert nådde, er ein på rett kurs i forhold til etappemålet for 2030.
- **Tiltak:** Tiltaksplanen gir ein samla omtale av kva tiltak som skal gjennomførast i perioden. Dette gjelder både vidareføring av starta tiltak og gjennomføring av nye tiltak.

Tiltaksplanen har to hovuddelar. Del I (kap. 1-3) omhandlar mål for trafikktryggingsarbeidet, hovudtrekk i ulukkesutviklinga, oversikt over kjelder til kunnskap og ei oppsummering av politiske føringar gjeve gjennom Meld. St. 40 (2015-16) Trafikktryggingsarbeidet og Meld. St. 33 (2016-17) NTP 2018-2029.

Del II syner kva trafikktryggingsstiltak dei ulike aktørane vil gjennomføra i planperioden.

Hovudinndelinga er:

- Risikoatferd i trafikken
- Befolkningsgrupper
- Trafikant-grupper/kjøretøygrupper
- Trafikktrygge vegar
- Intelligente transportsystem (ITS)
- Systematisk trafikktryggingsarbeid i offentlig og privat sektor
- Skadebehandling
- Arbeid for å styrke kunnskapsgrunnlaget

Dei fleste av tiltaka er sortert innanfor følgande 13 innsatsområde:

- Fart
- Rus
- Bilbelte/sikring av born i bil
- Born (0-14 år)
- Ungdom og unge førare
- Eldre trafikantar og trafikantar med funksjonsnedsetting
- Gåande og syklande
- Motorsykkel og moped
- Transport med tunge køyrety
- Møteulykker og utforkøyringsulykker
- Tilrettelegging for effektiv datautveksling mellom køyrety og infrastruktur og for automatiserte (sjølvkøyrande) køyrety
- Køyreteknologi
- Systematisk og samordna trafikktryggingsarbeid i fylkeskommunar og kommunar

Innan kvart innsatsområde er det sett mål for tilstandsutviklinga, og i tillegg gjeve ei oppstilling av tiltak som vert planlagt gjennomførte i planperioden for å nå tilstandsmåla.

I arbeidet med å finne fram til nye trafikktryggingsstiltak er det mange gode tiltak som ikkje passar naturleg innanfor dei valde innsatsområda, men som det er viktig å ta med for at tiltaksplanen skal vise breidda i trafikktryggingsarbeidet. Enkelte av hovudkapitla er difor supplert med temaområder utover dei 13 innsatsområda, - som det ikkje er knytt tilstandsmål til. Dette gjeld:

- Umerksemd
- Etterforsking og straffesaksbehandling
- Trafikantar med ein annan trafikkultur
- Førarar som er ekstra risikovillige
- ATV
- Trygging i tunneler
- «Forskrift om sikkerhetsforvaltning av veginfrastrukturen (vegsikkerhetsforskriften)»

- Drift og vedlikehald
- Systematisk trafikktryggingsarbeid i verksemdar

For kvart område er det definert mål for utviklinga. Dette er gjort ved måleindikatorar. Til dømes er det sagt at tal køyrety som overheld fartsgrensa skal aukast frå 57,2 % i 2016 til 70 % i 2022.

Totalt er det formulert 113 oppfølgingstiltak. Det er også omtalt kva tiltak dei ulike aktørane vil gjennomføra for å bidra til å klare tilstandsmåla.

Fylkeskommunane er ansvarlege for følgande tiltak:


Oppfølgingstiltak	Nr	Tiltak
Bilbelte	22	Fylkeskommunane vil gjennomføre tiltak for at born er lovmessig sikra under skuletransport.
BARN 0-14	35	Fylkeskommunane og storbykommunane skal gjennomføre fysiske tiltak for å motverke ulukker med born og unge på fylkeskommunale og kommunale skuleveggar.
BARN 0-14	36	Fylkeskommunane skal støtte og oppmuntre kommunar og frivillige organisasjonar til å sikre skuleveggar og nærmiljø, og skape gode haldningar hos born og unge.
UNGDOM OG UNGE FØRERE	45	Fylkeskommunane vil gjennomføre tiltak for å påverke til god trafikktryggingsåtfærd hjå ungdom i vidaregåande skule.
UNGDOM OG UNGE FØRERE	48	Fylkeskommunane vil, i samarbeid med Trygg Trafikk og andre samarbeidspartnarar, arbeide aktivt med trafikktrygging i russetida.
GÅENDE OG SYKLENDE	65	Fylkeskommunane vil tilsaman tilrettelegge for om lag XX km fylkesveg for gående og syklende i planperioden, der XX km er i byer og tettsteder. (Etter formelle vedtak i fylkeskommunane vil tal kome i endeleg tiltaksplan)
GÅENDE OG SYKLENDE	72	Fylkeskommunane vil, gjennom ulike tiltak og verkemiddel, påverka til auka bruk av sykkelhjelm og refleks.
MØTEULYKKER	90	Fylkeskommunane vil, med hjelp av Statens vegvesen, gjennomgå fylkesvegnettet og plukke ut strekningar som er egna for etablering av forsterka midtoppmerking ut fra gjeldande kriterium. Fylkeskommunane vil etablere forsterka midtoppmerking på desse strekningane når dei blir reasfaltert.
UTFORKJØRINGS-ULYKKER	92	Fylkeskommunane vil igangsette eit systematisk arbeid med sikte på at fylkesveggar med fartsgrense 70 km/t eller høgere skal tilfredsstillast minstestandarden i NTP med omsyn på utforkjøring.
SYSTEMATISK TRAFIKK-SIKKERHETSARBEID I FYLKESKOMMUNER OG KOMMUNER (1)	103	Fylkeskommunane vil oppfordre Ungdommens fylkesting til å arbeide aktivt med trafikktrygging arbeid som er retta mot ungdom.
(1)	104	Fylkeskommunane og storbykommunane vil legge til rette for aktivt samarbeid mellom etatar og organisasjonar for å sameine krefter og arbeide målretta med trafikktrygging på regionalt og lokalt nivå.
(1)	104	Fylkeskommunane og storbykommunane vil legge til rette for aktivt samarbeid mellom etatar og organisasjonar for å sameine krefter og arbeide målretta med trafikktrygging på regionalt og lokalt nivå.
(1)	105	Fylkeskommunane og storbykommunane vil utarbeide planar og/eller strategiar for trafikktrygging med god involvering og politisk forankring, og kople arbeidet til relevante nasjonale planar.
(1)	106	Fylkeskommunane vil arbeide for at alle kommunar skal ha kommunale trafikktryggingsplanar.
(1)	107	Statens vegvesen vil, i samarbeid med Trygg Trafikk og fylkeskommunane, revidere Handbok V722 Kommunale trafikktryggingsplanar.
(1)	108	Fylkeskommunane vil etablere ein møteplass for erfaringsdeling og «best praksis» for det fylkeskommunale trafikktryggingsarbeidet.
(1)	109	Fylkeskommunane og storbykommunane vil bidra til at trafikktrygging er tema i areal- og transportplanar for byområde som er aktuelle for bymiljøavtalar/byvekstavtalar, og at det vert fastlagt mål, strategiar og tiltak for trafikktrygging.
(1)	110	Trygg Trafikk vil, i samarbeid med fylkeskommunane, arbeide for at det per 1/1-2022 skal være 125 kommunar som er godkjent som Trafikksikker kommune og at allereie godkjente kommunar blir regodkjent.
(1)	111	Trygg Trafikk vil bidra til at fylkeskommunar kan godkjennast som Trafikksikker fylkeskommune.

Tabell: Tiltak som fylkeskommunane er ansvarlege for.

Tiltaka i tabellen samsvarar godt med framlegget til fylkeskommunal handlingsplan for trafikktrygging.

Tiltaksplanen gir nasjonale etappemål for utviklinga i drepne og hardt skadde brotne ned på fylkes-nivå. Det er vist fylkesvise målkurvar, sjå figur under. For Sogn og Fjordane er etappemålet 11 drepne og hardt skadde i 2030.

Sogn og Fjordane



Figur: Målkurve for Sogn og Fjordane

Tiltaksplanen gir ein oversikt over korleis trafikktryggingsarbeidet i Norge er organisert, med ein gjennomgang av de ulike aktørane sine roller.

Nasjonal tiltaksplan for trafikktrygging på veg 2018-2021 vil bli følgt opp på tilsvarande måte som tiltaksplanen for 2014-2017. Kvart år skal det utarbeidast ein status for utviklinga for trafikktrygging det føregåande året. I tillegg vil det bli gitt ein fagleg oppdatering for tema som er særleg viktige for trafikktrygginga.

3. Vurderingar og konsekvensar

Fylkeskommunane er spesielt bedne om å gje tilbakemelding på tiltaka som dei skal gjennomføra.

I 2017 har fylkeskommunen vår levert administrative innspel til planen to gonger. Desse har vore basert på utkast til Regional transportplan 2018-27 og utkast til Handlingsplan for trafikktrygging 2018-21.

Tiltak for å hindre møteulukker med forsterka midtoppmerking er lite aktuelt på fylkesvegnettet i Sogn og Fjordane, då vi ikkje har fylkesvegar med breidde større enn 7,5 meter.

I Meld. St 33 (2016-17) NTP 2018-29 er det ein ambisjon at alle riksvegar med fartsgrense 70 km/t eller høgare skal oppfylle gjeldande krav for utforming og omfang av siderekkverk, ettergivande master, profilert kantlinje og utbetring eller skilting av farlege kurver innan 1/1-2024. Der det ikkje er siderekkverk, skal det gjerast nødvendig utbetring av terrenget langs vegen. Dette blir omtalt som minstestandard med tanke på å hindre alvorlege utforkøyringsulukker. Ambisjonen i NTP er at dette skal vera oppnådd innan 1/1-2024 på riksvegar. I Statens vegvesen sitt handlings-program er det ikkje funne rom for å prioritere eit så stort beløp til målretta tiltak for å hindre alvorlege utforkøyringsulukker på riksvegar, sjå s. 73 i utkast til Nasjonal tiltaksplan for trafikktrygging.

Eit tiltak i planen er å sette i gang eit systematisk arbeid med sikte på at fylkesvegar med fartsgrense 70 km/t eller høgare skal tilfredsstille minstestandarden med omsyn på å hindra utforkøyringsulukker. I utkast til Regional transportplan er det føreslege å auke løyvinga til trafikktryggingstiltak. Dette gjeld spesielt rekkverk. Årsak til dette er at utforkøyringsulukker er den ulykkeskategorien vi har mest av. Difor er det viktig å auka løyvinga for å hindra slike ulukker. Likevel er det uråd for oss å seia når vi har nådd «minstestandard med tanke på å forhindre alvorlege utforkøyringsulukker» sjølv om vi aukar løyvinga.

Eit anna tiltak er at fylkeskommunane skal arbeide for å få kommunar godkjente som trafikksikre kommunar. Her har vi ein trafikksikker kommune, Årdal. Årdal kommune fekk trafikktryggingsprisen i 2017 for sitt arbeid med trafikktrygging som medførte godkjenning som Trafikksikker kommune. I handlingsplan for trafikktrygging er det eit mål at alle kommunar i Sogn og Fjordane skal ha sett i gang prosessen med å bli godkjent som trafikksikker kommune innan 2021. Av desse skal 10 kommunar vera godkjente.

Når det gjeld dei andre tiltaka vi skal gjera er dette aktivitetar som er dekkja opp gjennom utkast til RTP 2018-27 eller Handlingsplan for trafikktrygging 2018-21. Dermed vil vi vere med å bidra til at måla i Nasjonal tiltaksplan for trafikktrygging 2018 – 2021 vert nådd.

Endeleg Nasjonal tiltaksplan for trafikktrygging vert lagt ut i februar 2018. Teksten vil då vera justert i samsvar med fylkeskommunane sin vedtekte planar.

4. Konklusjon

Det er godt samsvar mellom mål og tiltak i utkast til Nasjonal tiltaksplan for trafikktrygging på veg 2018-21 og vår Handlingsplan for trafikktrygging 2018-21.

Fylkesrådmannen har ikkje merknadar til planframlegget, og tilrår at utkast til Nasjonal tiltaksplan for trafikktrygging på veg 2018-21 vert teken til vitande.